

Avgjerder i skolespørsmål for barn under barnevernet si omsorg Udir-2-2016

5. Foreldra

5.1. Når har foreldra rett til å bestemme?

Når foreldra beheld forelderansvaret, har dei òg avgjerdsmyndigheit i nokre saker.

Dette gjeld ikkje dersom fylkesnemnda har teke frå dei heile foreldreansvaret, slik nemnda kan etter barnevernslova § 4-20 første ledd.

5.2. Kva har foreldra rett til?

Foreldra si avgjerdsmyndigheit er avgrensa til saker som uttrykkeleg er nemnde i § 15-6.

- Å krevje fritak frå aktivitetar ut frå religion eller livssyn (§ 2-3a)

Skolen treng likevel berre å informere barnevernstenesta om reglane for fritak og innhaldet i opplæringa. Barnevernstenesta må informere foreldra slik at dei får ei reell valmoglegheit.

- Å velje privat i staden for offentleg skole (§ 2-1)

Foreldra har ikkje rett til å velje ein konkret skole, berre typen skole ut frå godkjeningsgrunnlaget, til dømes livssyn eller ei anerkjend pedagogisk retning. Valet bør ikkje gi urimelege praktiske konsekvensar for barnet eller for han eller ho som utøver den

daglege omsorga. Det vil til dømes seie at utgangspunktet er at skoletypen finst i nærområdet der barnet bur. Foreldra må betale eventuelle ekstrautgifter.

- Å velje målform (§ 2-5)
- Å krevje opplæring i finsk og på samisk (§§ 2-7 og 6-2)
- Å samtykkje til fritak frå heile opplæringsplikta (§ 2-1)

Oppgrader til en [støttet nettleser](#) for å få en reCAPTCHA-utfordring.

[Hvorfor skjer dette?](#)